

Læreplan i vg2 helsearbeiderfag

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 11. februar 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg2 helsearbeiderfag handlar om å utvikle yrkesutøvarar som kan bidra til å dekkje behovet for kompetanse i grunnleggjande sjukepleie og miljøarbeid i alle delar av helsetenesta. Programfaga handlar om å kunne gi helsehjelp, førebyggje einsemd og bidra til eit aktivt liv for pasientar og brukarar. Det handlar også om å utvikle yrkesutøvarar som har praktiske ferdigheiter og vilje og evne til å arbeide for kontinuerleg kvalitetsforbetring. Programfaga skal vidare bidra til å utvikle profesjonelle yrkesutøvarar med empati og evne og vilje til å yte heilskapleg omsorg og samhandle med menneske med ulike hjelpebehov.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Vg2 helsearbeiderfag skal bidra til at helsefagarbeidaren kan kommunisere og samhandle med menneske med ulike bakgrunn og livssituasjon. Programfaga skal bidra til å utvikle etisk medvit og forståing av likeverd, likestilling, respekt og toleranse som grunnleggjande verdier. Vidare skal programfaga bidra til god dømmekraft og profesjonelt fagleg skjønn hos yrkesutøveren.

Kjerneelement

Kropp, helse og omsorg

Kjerneelementet kropp, helse og omsorg handlar om å vareta den heilskaplege helsa til pasientar og brukarar. I dette inngår korleis kultur, levevanar, kosthald, hygiene og smittevern kan bidra til å fremje livskvalitet, helse og meistring. Det handlar også om akutt og kronisk sjukdom, vekst og aldring og funksjonsnedsetjingar. Vidare handlar det om å observere, vurdere og utføre grunnleggjande sjukepleie for å vareta behovet pasientar og brukarar har for helsehjelp. Kjerneelementet handlar også om helsefremjande arbeid, miljøarbeid, habilitering og rehabilitering, omsorg og heilskaplege pasientforløp. Å lindre lidningar og leggje til rette for ein verdig død inngår òg.

Dialog, relasjon og rettleiing

Kjerneelementet dialog, relasjon og rettleiing handlar om å kommunisere og samhandle med menneske frå ulike kulturar med ulike alder, bakgrunn og livssituasjon og ulike behov. Det handlar også om å bidra til å utvikle helsekompetansen til pasientar og brukarar. Kjerneelementet handlar vidare om å samhandle med andre yrkesgrupper og frivillige organisasjonar og å rapportere og dokumentere arbeid. Dessutan inngår å gi og ta imot rettleiing og å forstå betydninga av eiga åtferd og eigne haldningar i møte med andre menneske.

Hjelpemiddel, teknologi og velferdsteknologi

Kjerneelementet hjelpemiddel, teknologi og velferdsteknologi handlar om å bruke medisinsk utstyr og å ta i bruk hjelpemiddel og teknologi som bidreg til å gi personar med hjelpebehov betre livskvalitet, meir tryggleik og større moglegheit til å klare seg på eiga hand. Det handlar også om å bruke hjelpemiddel og teknologi for å avlaste pårørande og gi dei tryggleik og om korleis teknologi kan forbetre og effektivisere tenestene i helse- og omsorgssektoren. Vidare handlar det om å bruke riktige arbeidsteknikkar og arbeidsstillingar i yrkesutøvinga.

Etikk og regelverk

Kjerneelementet etikk og regelverk handlar om å møte menneske i ulike livssituasjonar med omsorg og empati. Vidare handlar det om systematisk kvalitetsforbetring, brukarmedverknad og pasientsikkerheit. Kjerneelementet handlar også om profesjonell yrkesutøving, yrkesetiske retningslinjer, regelverk i helse- og omsorgssektoren og om helse, miljø og sikkerheit. Det handlar også om å reflektere over etiske dilemma.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg2 helsearbeidarfag handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om helsefremjande arbeid ved å leggje til rette for at pasientar og brukarar kan meistre utfordringar, oppleve mening og livsglede og ha tiltru til eigne ressursar. Det handlar vidare om å rettleie pasientar og brukarar til å ta gode helseval i tråd med tilrådingar frå helsemyndighetene og om å identifisere sjukdomsteikn og forhindre, utsetje og førebyggje sjukdom.

Demokrati og medborgarskap

I vg2 helsearbeidarfag handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om pasient- og brukarmedverknad i helsearbeidet. Det handlar om å respektere andre sine meningar og synspunkt i møte med pasientar og brukarar og andre samarbeidspartnarar. Demokrati og medborgarskap handlar vidare om å vareta verdiane i det demokratiske samfunnet vårt som grunnlag for profesjonell yrkesutøving. Det handlar også om korleis partane i arbeidslivet samarbeider for å utvikle eit betre arbeidsliv.

Berekraftig utvikling

I vg2 helsearbeidarfag handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å reflektere rundt og ta miljøbevisste val i yrkesutøvinga. Å ta miljøbevisste val inneber mellom anna å kjeldesortere, å redusere bruk av eingongsutstyr og å avgrense matsvinn.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg2 helsearbeidarfag inneber å kommunisere gjennom dialog, presentasjonar og rapportar. Det inneber å kunne kommunisere med kollegaer og menneske i ulike livssituasjonar og frå ulike kulturar. Det inneber også å kunne tilpasse eige språk til mottakar, innhald og formål og å lytte til og vise respekt for den ein snakkar med. Vidare inneber det å kunne bruke relevante faguttrykk og sikre at informasjon ikkje berre blir gitt, men også forstått av mottakaren.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg2 helsearbeidarfag inneber å dokumentere relevante opplysningar, skrive rapportar og utarbeide planar og dokumentasjon i samsvar med gjeldande krav. Det inneber også å bruke eit presist fagspråk og tilpasse tekstar til ulike formål, mottakarar og medium og å utveksle informasjon og bruke kjeldekritikk.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg2 helsearbeidarfag inneber å forstå og tileigne seg ny kunnskap og innsikt. Det inneber å forstå faglitteratur, lovtekstar, pasientopplysningar og planar. Det inneber også å kjenne til og bruke relevant fagspråk i yrkesutøvinga og kritisk vurdere relevans og truverd.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg2 helsearbeidarfag inneber å setje opp budsjett, føre rekneskap og berekne forbruk av tid og materiell. Det inneber å bruke rekneartar og måleiningar i arbeidet med helse, ernæring og kosthald. Vidare handlar det om enkel medikamentrekning.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg2 helsearbeidarfag inneber å bruke digitale ressursar for å finne, handtere og dokumentere relevant informasjon om pasientar og brukarar. Vidare inneber det å bruke fagleg informasjon, kritisk vurdere kjeldene som blir brukte, og vise digital dømmekraft. Det handlar også om å bruke digitale ressursar som verktøy i eige arbeid og i tverrfagleg samarbeid.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering helsefremjande arbeid

Kompetansemål etter helsefremjande arbeid

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- planleggje, gjennomføre og vurdere tiltak som aukar pasientar og brukarar sin motivasjon til å vareta eiga helse og eigen livskvalitet
- gjere greie for livsløpet til menneske og helseutfordringar hos barn, unge og eldre
- forklare kva allmenntilstand er, gjere greie for dei vanlegaste teikna og symptoma på sjukdommar og skadar og kjenne att sjukdomsforverring
- gjere greie for dei vanlegaste sjukdommane hos barn, unge og eldre, foreslå tiltak og delta i grunnleggjande sjukepleie
- gjere greie for dei mest brukte legemiddelgruppene, forklare administrasjonsformer og dei vanlegaste verknadene og biverknadene
- gjere greie for aldringsprosessar og eldre sitt behov for omsorg og sjukepleie
- forklare kva kvardagsmeistring, habilitering og rehabilitering er, og gi døme på førebyggjande og helsefremjande tiltak
- drøfte betydninga av sosiale nettverk og foreslå tiltak for å førebyggje einsemd og psykiske lidingar
- beskrive symptom på psykiske lidingar og rusmisbruk hos pasientar og brukarar
- beskrive symptom på underernæring og feilernæring og foreslå førebyggjande og behandlande tiltak
- planleggje, lage til og leggje til rette for måltid i tråd med råd frå helsemyndigheitene
- vareta hygiene i tråd med gjeldande retningslinjer og foreslå smitteverntiltak
- utføre førstehjelp etter gjeldande retningslinjer
- beskrive kva heilskapleg omsorg og sjukepleie inneber for alvorleg sjuke, døyande og deira pårørande
- gjere greie for kva miljøarbeid er, og foreslå målretta tiltak

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i helsefremjande arbeid når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i helsefremjande arbeid. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i helsefremjande arbeid ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistarar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i helsefremjande arbeid basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering kommunikasjon og samhandling

Kompetansemål etter kommunikasjon og samhandling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive ulike kommunikasjons- og relasjonsferdigheiter og vise korleis slike ferdigheiter kan fremje tryggleik og tillit
- drøfte betydninga av tverrfagleg samarbeid og heilskapleg pasientforløp
- drøfte kva det inneber og vise respekt og toleranse for kulturane og tradisjonane, livssynet og den sosiale statusen til andre
- vise empati og reflektere over eigne haldningar og åtferd og kva det vil seie å vise endringsvilje
- forklare forskjellen på subjektiv og objektiv observasjon og rapportering og drøfte betydninga av korrekt rapportering, pasientsikkerheit og anonymitet
- gjere greie for regelverk om teieplikt og personvern og drøfte kva dette inneber for yrkesutøvinga
- gjere greie for strategiar for konflikthandtering og førebyggje konflikhtar i praksis
- beskrive digitale kommunikasjonsverktøy som kan brukast i samhandling med pasientar, brukarar, pårørande og helsepersonell
- reflektere over bruken av tvang og makt og gjere greie for gjeldande regelverk

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i kommunikasjon og samhandling når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i kommunikasjon og samhandling. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i kommunikasjon og samhandling ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i kommunikasjon og samhandling basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Kompetansemål og vurdering yrkesliv i helsearbeidarfag

Kompetansemål etter yrkesliv i helsearbeidarfag

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- reflektere over kva det vil seie å vere ein profesjonell helsefagarbeidar
- forklare kva pasient- og brukarmedverknad inneber, og bruke dette i yrkesutøvinga
- gjere greie for gjeldande regelverk om kvalitet i helse- og omsorgstenesta og drøfte kva fagleg forsvarleg og omsorgsfull helsehjelp inneber
- gjere greie for kva yrkesetikk er, og reflektere over etiske problemstillingar
- planleggje, gjennomføre, dokumentere og vurdere eige arbeid
- gjere greie for ulike hjelpemiddel og velferdsteknologi som kan bidra til sjølvstende, og som kan oppretthalde funksjonar i dagleglivet
- gjere greie for gjeldande regelverk for handtering av legemiddel og ansvaret og rolla til helsearbeidaren

- bruke hjelpemiddel og teknologi for å forbetre og effektivisere arbeidet
- beskrive prosedyrar for helse, miljø og sikkerheit og bruk av kvalitetssystem
- forklare korleis frivillige organisasjonar kan vere ein ressurs i helse- og omsorgstenesta
- vurdere korleis ein kan gjere miljøbevisste val i yrkesutøvinga
- gjere greie for ergonomiske prinsipp og bruke desse i yrkesutøvinga
- gjere greie for prinsippa for universell utforming i samband med yrkesutøvinga
- vareta eigne rettar og plikter i arbeidsforholdet og gjere greie for korleis partane i arbeidslivet utfører samfunnsrolla si i den norske modellen

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i yrkesliv i helsearbeidarfag når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer fleire av eller alle programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i yrkesliv i helsearbeidarfag. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i yrkesliv i helsearbeidarfag ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistarar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i yrkesliv i helsearbeidarfag basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Helsefremjande arbeid: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Kommunikasjon og samhandling: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Yrkesliv i helsearbeidarfag: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elevar

Helsefremjande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i helsearbeidarfag: Eleven skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel.

Eksamen for privatistar

Helsefremjande arbeid: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Kommunikasjon og samhandling: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Yrkesliv i helsearbeidarfag: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Helsefremjande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv i helsearbeidarfag: Privatisten skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.